



UNGANE PÅ BERG

Miljøskildring frå Ryfylke

ARNA AUDHILD VÅGE

Dei er fleire ungar på Berg enn han Olav. Det er berre det at han Olav gjer seg så svær og viktig. Ho Inger er reint arg på den viktigperen som er bror hennar. Er han ikkje berre eit år og ein månad eldre enn ho kanskje? Og så ber han seg som skulle ho og Vesle-Per vera småungar jamsides han. Når nokon spør han Olav kor gamal han er, så svara han alltid at han er i det trettande året. Berre fordi han vil vera så fælt vaksen det. Men han har no nettopp fylt tolv, det veit ho Inger, det. Og kanskje ikkje ho og kan seia ho er i det tolvte året om nokon spør? Å jau, farr.

Dei har det elles rett morosomt no om dagane. Dei har fått seg slik fin bøling, ho og han Olav. Og no har dei slept feet på bøen. Ja, no er ikkje

bølingen deira slike vanlege dyr som fer og renner kring haug og hamar. Dei er snille og rolege og fer berre der som eigarane deira vil ha dei. Elles så er desse *krøtera* laga til i dei skume vinterkveldane når regn og blåster reiv i husnovene. Frå sumaren som gjekk hadde han Olav ei fin samling drivkvite *skjeler*. Desse skjelene var framifrå til sauer, og så auka dei bølingen med *gran-kongler*, og desse var då dei svarte sauene. Ein måtte sjølsagt ha både svarte og kvite sauer, for elles var det ikkje retteleg bøling. Mest ståk var det med *geitene*. Ein måtte bruka både hamar og tong på dei. Fyrst måtte ein få tak i nokre laglege runde *vedpinnar* som skulle syna fram kroppen. Sidan sette dei fire spikrar i kvar tilsamia



Ungane på Berg saman med bestefar.

Foto: Våge.

pinne, og dermed var geita eit verkeleg, skikkeleg dyr. Då krøtera var samla og verdige til å kalla husdyr, jaga dei heile flokken i fjøset og fekk dei i bås. Ja, til fjøs måtte dei førebels ta til takke med kvistsalen. Her bar dei for av alle slag til dyra sine. Dei måtte forast godt, så dei blei feite og fine til dei skulle sleppas ut i vår.

Ja, ho Inger hadde det no mest annsamt både i fjøset og ellers. Han Olav var så meinsleg med det at han ville rå og styra allting. Ho måtte oftast gjera teneste både som dreng og budeie. Så skulle han gå der og vera husbonden som rådde og styrde med alt. Og så kommanderte han henne i aust og vest, den stakkaren, nett som om han hadde noko å seia over henne. Ho åtte likså vel helvta av dyra, ho. Nei, ho ville beintfram ikkje halda med

han no i eit par dagar, så kunne han sjå. Ho ville berre fora sine egne dyr, og så kunne hans stå der utan mat. Ja, kanskje svelta i hel for henne. Så kunne han ha det så godt.

Ho Inger heldt nett på å fora dei stivbeinte geitene sine til kvelds, då ho tenkte på kor urettvis han Olav var.

Då kjem han Olav og inn på kvistsalen stormande. – Hei, Inger! Vi har fått ein sau, eg og du, av han bestefar. Ein skikkeleg, levande sau, ser du. Ein av dei fine tvillingsauene. Og når sauene får lam, blir dei og våre.

– Eg vil sjå han med ein gong! sa ho Inger og for på dør med Olav i hælane på seg. Ho hadde endåtil gløymt å vera sint på han.

Flyttesjau

Det var reint eit under kor sumaren var komen stor og sterk no. Sola stod som ei diger eldkule på himmelkvelven og lyste og vermdde i alle krok og krikar. Det var som ville ho femna alt og leggja det fram i dagen, så mennesket rett kunne sjå kor fager naturen er ved sumarstider. Og alle stader var det liv. Det surra og susa og kviskra og song i kvar ein krok. Humla surra og song og gassa seg i blomevellet på grasbakken, og fivrelde letta på dei nye, strålende og fargerike vengene sine. Men høgt over alle tretoppar leika småfuglane seg. Stundom sat dei kanskje i ein tretopp og trilla og song ein stubb, eller kanskje dei leika gøymse mellom lauv-tette tre og vippa seg på sumarfriske greiner.

Han Olav var hest i dag. Bortetter den solsteikte vegen mellom stovebygningen og bestefarshuset drog han på ei tohjula kjerre. Puh! Han turka sveiten rett som det var. Det var ellers flyttegods han hadde i kjerra. Ei mengd glasbrot, konglar og



*Olav på Berg var hest foran flyttelasset på kjerra. Mange ungar leika med kjerre og då var det ekstra stas å sitja oppi, slik som denne karen i Time. Foto: * Time Folkebibliotek / Fifo.*

ymist anna innbu frå huset deira på Munkesteinen. No køyrde han i fast rute fram og tilbake frå Munkesteinen til bestefarsløa, der dei skulle halda til på lemmen ei stund før høyet kom inn.

Inger, og Kirsten frå byen, var elles i full sving ute i løa. Dei vaska og bala så det var fælt. Dei var

like gamle dei to og hadde svært mykje saman. Eva, syster til Kirsten, var nokre år yngre og fekk ofte skrubb og skjenn av dei to mektige herskarinnene på løelemmen. Ja, det var ikkje sjeldan ho måtte inn til mor, faster Ragnhild, og fortelja kor fæle dei var på lemmen. Ho fekk ikkje vera med,



*Høyonna var ei travel tid, men det var også rom for ein liten pust i bakken. Då var det fint å kosa seg med katten, slik denne jenta frå Sola gjer. Foto: * Sola Folkebibliotek / Fifo*

ho. Og faster Ragnhild måtte bort i lóa og freista mekla. Men Kirsten svara berre at dei kunne då ikkje ha småungar med, og slik gjekk Eva inn med mor att og fekk seg ein neve rosiner eller svisker, og då var alt straks likare.

Han Olav kom inn på løelemmen med kjerrelasset. Han sette seg på ei slind og sa at no kunne dei gjera resten sjølv. Men no skulle dei eta, sa ho Inger og sette glasbrota fram på ei kasse.

– Det er då berre surpekaker og pålest-mat de har, sa han Olav og grein på nasen.

– Ja, vi skal berre låst eta og, sa ho Inger.

– Eg stikk inn etter nokre brødsquirer, sa Kirsten og sprang ut. Straks etter var ho tilbake att med tjukke brødsquirer i neven.

– Vi skulle hatt syltety og, sa ho Inger.

– Ja, gå etter noko du, sa han Olav fort.

– Nei, eg må passa på maten, sa ho Inger verdig.

Du må gå, kan du skjøna. Du skal liksom reisa til byen etter varer.

– Ja, ja, han Olav spytta karsleg. Eg får vel gå, sidan de er slike naut som aldri kan gå sjølve. Han glirte med augo då han kom ut frå den mørke låven og fram i sollyset. Nei, det var ikkje noko slag greier å leika saman med jenter. Alltid skulle dei kommandera så fælt. Men det kunne no vori godt og fått seg nokre skiver med syltety på likevel. Så han fekk vel reisa til byen etter varer då.

Høyonn og bryllup

Alle folka på Berg hadde stått så uvitug tidleg opp i dag. Det var dette høyveret som skulle nyttast så framifrå godt. Ja, om det så var ungane, så var dei på beina ørtidleg både inne i storebygningen og i bestefarshuset. Alle høysåtene i Brakebakkane skulle kastast og like eins den store ekra nedom løa. Ho Mallin kom strevande opp frå mjølkestølen med ei bytte i kvar hand. Ho hadde dregi mjølka or kyrne og pusta og peste som ein kval. Men så bar det av stad med alle som kunne, til såtekasting. Etter kvart sola kom høgre på himmelen, kasta folka alle kleplagg dei ikkje nett hadde bruk for.

Ungane på Berg hadde det og annsamt i dag. Heile leikestova skulle flyttast. Ja, dei fille gjentungane hadde fått narra han Olav til å dra på flyttelassa i dag og. No skulle dei bu på stabburet.

Der inne var det fælt mørkt, – rotter og myser var der og gjerne. Og så hang det spekekjøtlår oppetter veggene, og på lemnen låg store ruver av flatbrød og lefseleivar. Men det var no det at då hadde dei eit heilt hus for seg sjølve. Dei skulle elles ha bryllaup i stabburet i dag når alt var i orden. Inger blei så bortheft av dei vaksne. Skulle



Inger og Olav fekk seg sitt eige lam, og då mata dei det kanhende slik som Dagfinn Danielsen i Tananger. Han hadde sitt eige kopplam tidleg i 1950-åra.

*Foto: Danielsen * Sola Folkebibliotek / Fifo.*

støtt fyka i veg med bleng til slåttefolka. Bleng var elles ein god torstedrikk. Det var surmjølk og vatn blanda saman. Og så måtte Olav rett som det var byta river for raksterfolka. Når alle tindane var borte og utrivne, så var det berre til å senda han Olav av stad ut i bestefarsløa etter nye. Inger og Kirsten vaska og skura i stabburet og reidde inn stova med glasbrot i alle storleikar og alle slag innbu som dei fekk tak i. Og i kveld skulle bryllaupet stå.

Sola stod framleies høgt på himmelen då slåttefolket hadde vori heime og fått seg non. Far og ein av drengene tok til å køyra inn høy. Og det tykte Kirsten og Eva var så morosamt å vera med på at

dei forsømde stabburet ei stund. Dei sat i høyvogna når ho var tom og køyrde tilbake til ekra frå låven. Ja, ungane var heilt ville no i sumarvarmen, sa Sigurd, drengen, og turka skallen for hundrede gongen med skjorteerma. Ein visste aldri kvar ein hadde dei.

Det blei mange lass med knasturt høy denne dagen. Ja, hadde dei ikkje rekna feil, så trampa hesten inn på låven med femogtjuande lasset no. Kvinnfolka stabba trøytt over ekra og tok etterraksteren, og så bar det heimover då, med rakster-riva dinglande på aksla og ein liten høydott under armen.

Dei sat ved kveldsbordet alle saman, så nær som ungane, ja, då Inger kom inn på kjøkkenet med ei høgtidleg mine og spurde om dei ville koma i bryllaup alle saman i kveld til stabburet.

Drengene flirte, og gjentene lo, men far og mor sa takk, det ville dei så gjerne. Men det var då svært grumt å koma i bryllup slik midt i vyrka.

Olav hadde vori med ein av drengene og henta geitene etter kveldsmaten, og no ringla og song det i bjøller der opp i geitehegna. Ho Mallin stod alt til skrevs over ei geit og mjølka så spruten stod i bytta. Det var gildt her oppe. Høge steinar ein kunne kliva opp på som ingen ting, og små helle-rar, mørke og mystiske, ein kunne krypa inni.

Men kjea var no det morosamaste av alt. Dei hoppa og skvatt frå stein til stein. Vesle-Per som og var i hegna i kveld, prøvde å halda på ein liten vill krabat som far hadde gjevi han. Men kjeet lika ikkje å liggja slik still i fanget. Det tok eit byks, så han Vesle-Per blei sitjande på baken med ein dunk.

Då hua det på han Olav nedi bakkane, og Olav som sat høgt oppe på ein lauvstein, kravla ned og

ropa: – No kjem eg! Han hadde reint gløymt kva som stod på i kveld. Han brydde seg elles skit om å vera brudgom, han. Berre noko tøys var det alt i hop. Men han fekk visst vera med likevel då.

Dei skulle ha skikkeleg god mat og.

Kirsten stod nede i Smalhusbakken og venta til han kom heilt bortåt. – Du er heilt galen, du.

Vi kan ikkje få til noko når du er så nauten.

Ja, ho gjekk og småskjente heilt til dei var i stabburet. Og der stod brura, og brura det var Eva. Ho var heit i kinna med tårer i augo. Og ned frå hovudet hennar hang sløret, ein rest etter dei nye bestestovegardinene. Noko juletrestartas var hengt her og der. Men no var Eva både sint og lei og ville riva heile stasen av seg.

Då kom presten i Kirsten sin skapnad og gav brura eit diger lefsestykke, om ho berre ville vera snill ei lita stund til. Berre til ho og Olav var gifte. – Men ikkje bitten lenger, svara Eva og beit i lefsa.

Olav blei skuva inn i stabburet. Inger pressa ein gamal flosshatt ned på hovudet hans, så han skreik. Endeleg var bruraparet ferdig, og så gjekk dei seint ned stabburstrappa. Etter kom «presten». Men då ville ulukka at presten snåva uhjelpeleg i den side kjolen og sette for stor fart på brureparet, og der låg dei på knea alle i hop og skreik kvar si stund. Men Inger stod ferdig med ei handkjerre til skyss og hjelpte dei på føtene att. Brura som hadde råka trappekanten med enden, var utrøysteleg og ville ta til røming med det same, og endå ei lefse måtte ofrast før kyrkjegonga.

Så bar det til kyrkjeveg att. Skysskaren, Inger, som stod for alt grovarbeidet, måtte i ein fart finna dragspelet og spela ein inngangssalme. Kyrkja var elles inne i bestestova. Presten tok eit tak i kjolen og steig over dørstokken. Olav var lei

for lenge sidan, slått seg hadde han og, og no ville han ha mat.

– Kan du ikkje bli ferdig med giftinga no ein gong, sa han til presten, som straks tok til å gifta dei i hop så godt han kunne.

Inger tok dragspelet att og skulle spela litt til slutt, men då meinte brudgomen at det var ikkje naudsynleg å spela no etter at dei var gifte. Presten og skysskaren var helst samde i det, og så bar det av stad til stabburet att. Denne gongen flaug brur og brudgom opp stabburtrappa. Presten og skysskaren for etter som ein vind for å nyva brureparet før dei åt opp alt på festbordet.

Gjestene dei hadde bedi, var hindra frå å koma, etter di dei var så fælende trøytt. Og godt var det, sa Inger, for då hadde vi ikkje hatt nok mat. Men borte frå eine kråa i stabbursstova stirde eit par augo på bryllaupsfolket. Eit par augo som blinka ein hende gong. Skapningen som åtte augo, tok nokre varsame steg framover golvet. Det gjekk så stilt, så stilt. Då gjorde skapningen eit veldig byks over kassa som tente til bord, og der med blei det panikk.

Brura gjorde ein fortvila freistnad på å koma ut døra, men sløret hang fast i ein spikar i kassa. Presten skreva resolutt opp på bordet og fikta med armene, medan skysskaren kom seg opp på ein

gamal trebeint krakk, som vippa så Inger fall så lang ho var. Ja, det var eit einaste skrik og spetakkel, for rundt på golvet hoppa brudgomen og skreik og lo og bar seg og øste opp dei andre.

Slik moro hadde han aldri hatt.

Men då kom ho mor og faster Ragnhild og slo stabbursdøra opp på vid vegg og spurde om det var bryllaupsturing alt dette her. Då hiksta brura fram litt at dei var så redde for ei fæl rotte.

– Å, ikkje noko anna, sa mor og ville gå att. Men då storma dei på dør alle i hop.

Då stabbursdøra vel var stengd, kom det ein liten grå skapning fram frå ei krå i stabburet, tok nokre varlege, små hopp over golvet, bykste så opp på festbordet. Men fata var tome. Ikkje så godt som ein liten mole att. Bryllaupsfolket hadde eti opp alt i hop. Den grå skapningen hoppa ned på golvet att og for som eit lyn opp på kanten av mjøltunna. Stod og stirde ei stund og vippa så nedi.

Stabbursbryllaupet var slutt, og den heite sumardagen var gått over i den svale natta.

Kjelde:

Utdrag frå boka «Ungane på Berg», utkomen på Noregs Boklag. Forfattaren har henta bakgrunnstoffet frå Ryfylke i 1920-åra.

Arna Audhild Våge

Musikkpedagog, forfattar av fleire barnebøker.

Adresse: Wesselsgt. 52 B, 4008 Stavanger.